



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/26

Dykkar ref.: 2017/3155

Dato: 19.05.2017

Genmodifisert sprøytemiddelresistent oljeraps MS11 til mat, fôr, import og prosessering

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 22.03.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-BE-2016-138 om godkjenning av rapssorten MS11 under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

I den genmodifiserte rapssorten er det sett inn tre gen frå jordbakteriar: eitt gen som gjer planten resistent mot sprøytemiddel med glufosinat-ammonium, eitt gen for hannsterilitet og eitt gen som skal gjere genmodifiseringsprosessen meir effektiv. Rapssorten er førebels ikkje godkjend for dyrking i noko land.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling, og Bioteknologirådet har eit særleg ansvar for å vurdere dette. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante ved søknader om import.

Eit samrøystes Bioteknologiråd meiner at det ikkje samsvarer med vurderingskriteria berekraft og etikk å godkjenne genmodifiserte plantar som er resistente mot sprøytemiddel med det helse- og miljøfarlege verkestoffet glufosinat-ammonium.

Rapsfrø spreier seg dessutan lett, og raps kryssar seg lett med annan raps og ville slektningar av raps. Den genmodifiserte rapsen kan derfor utgjere ein miljørisiko i Noreg. Dette var saman med vurderingar av berekraft, samfunnsnytte og etikk grunnlaget for at Noreg i 2012 la ned forbod mot den glyfosatresistente rapsen GT73. Bioteknologirådet har av dei same grunnane tidlegare rådd til at Noreg forbyr fleire genmodifiserte rapssortar.

Å stille fleire spørsmål til søkjaren no vil ikkje gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr rapssorten MS11.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Ole Johan Borge
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Klima- og miljødepartementet